



ARSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA OSTERØY I.L 1992

Styret har vore:

Leiar:	Kristin Thue Øvsthus
Nestleiar:	Nina Skjerping
Skrivar:	Ragnhild Tufta
Kasserar:	Monica Eikeland
Oppmann 3 div:	Sigrun Reigstad
Oppmann 6.div	Ashild Fløysand
Styremedlem	Age Mostraum
Styremedlem	Katrine Fløysand

Medlemstalet : 1992 31 medlemar

Sesongen 91/92 var det eit 3. divisjonslag og eit jentelag. 3. divisjonslaget havna nest sist på tabellen, men det var ein jevn serie med fleire lag på 12 poeng. Det var ein god prestasjon. Jentelaget havna sist på tabellen.

Osterøy I.L sitt 3. divisjonslag i volleyball har denne hausten gjordt det veldig bra så langt, med 5 sigrar og berre eit tap.

Trenar er Kristin Thue Øvsthus og lagleiar er Hildegunn Reigstad.

Me har og denne hausten eit lag i 6. divisjon. Dei har eit tap so langt, og ingen sigrar. Trenaren deira er Mona Neu Hatland.

Me har også denne sesongen søkt kommunen om stønad til halleige i Bergen. Me har enno ikkje fått svar frå kommunen. Sponsorpengar får me og frå Sparebanken Vest.

Me har tinga 400 lodd frå Volleyballforbundet, og her går halvparten til volleyballgruppa.

Me har hatt eit kakelotteri med god respons.

Begge damelag har trening 2 gonger pr. veke.

Det har vore arrangert kurs av ulike slag. 2 av spelararne var interessert i distriktdomarkurs, men dette vart avlyst grunna for liten påmelding.

Kristin Thue Øvsthus
Kristin Thue Øvsthus
- leiar -

Årsmøte i Volleyballgruppa 10.11.1992 kl.18.00

Det var møtt fram 12 personar denne tirsdagen.

1. Valg av ordstyrar : Hildegunn Reigstad
2. Saklista vart godkjend.
3. Gjennomgang av årsmeldinga. Denne vart og godkjend.
4. Gjennomgang av rekneskapen som og vart godkjend.
5. Valg av styret :
 - Leiar : ?
 - Nestleiar : Nina Skjerping
 - Kasserar : Monica Eikeland
 - Skrivar : Ragnhild Tufta
 - Styremedlem : Katrine Tveiten
 - " -- : Trude Jacobsen

Det vart oppnemd ein valgkommite som bestod av Ann Kristin Hannisdal og Mona Neu Hatland som skal finna kandidat til leiarvervet sidan ingen frammøtte sa seg villig til dette vervet. Fristen for dette er 1.12.1992

6. Budsjett.
 - Styret lagar ein plan for neste år.
7. Framtidsutsikter:
 3. div. damer: Vinne 3. divisjon og rykke opp i 2.div. til neste år.Knytte til oss dei beste spelarane frå 6. div. damer i Osterøy og Fotlandsvåg.
 6. div. damer: Satsar på ein plass mellom dei 3 beste i si pulje. Eventuellt opprykk til 5.divisjon.